

KRITERIER - TILGJENGELIGHETSPRIS FOR TYSVÆR KOMMUNE

1. Tilgjengelighetsprisen blir utdelt til einskildpersonar, organisasjonar, bedrifter eller offentlig etat som har gjort ein spesiell verdfull innsats for å betre tilgjenge for alle i Tysvær kommune.

Formålet med tilgjengelighetsprisen er å gjere eitkvart miljø tilgjengelig for alle. Eit utvida tilgjengelighetsbegrep vert lagt til grunn. Tilgjenge til bygningar, informasjon, kultur, friluftsliv, idrett, familie, venner, kollegaer, nærmiljø, butikkar og serveringsstader.

2. Følgjande kriterier vert lagt til grunn for vurdering av kandidatar til prisen:

Tiltaket skal komme flest mogleg brukargrupper til gode.

Kvaliteten (gjennomføringen) av tiltaket må vere god.

Kandidaten har vist ein positiv haldning / forståing for spesielt å ivareta funksjonshemma sine interesser og behov.

Tiltaket skal vere eit bidrag til å komme nærmere målet om full deltaking og likestilling for alle

Kandidaten har tatt funksjonshemma på alvor som brukargruppe / kundegruppe.

Funksjonshemma har hatt innflyting på utforminga av tiltaket (brukarmedverkning).

Tiltaket viser at betre tilgjenge handler meir om omtanke og haldningar enn kostnader.

Tiltaket har vist at det "løner" seg å bedre tilgjenge for alle (større økonomisk avkastning, større kundegruppe, lettare drift).

Tiltaket har fått ein god praktisk løsing som glir naturleg inn i miljøet med omsyn til god byggeskikk (estetisk utforming / natur- og miljøvennleg tilpassing).

Kandidaten har vist stor kreativitet og nytenking for å bedre tilgjenge for alle.

3. Forslag på kandidatar skal være skriftlig med en kort begrunning for forslaget. Forslaget skal innan annonsert frist sendast "Kommunalt råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne" som kvart år kårar mottakar av prisen.
4. Prisen vert delt ut ein gong kvart år. Om det eit år ikke er kandidater som fyller vilkåra vert prisen ikkje utdelt.